Hjemmel	LOV-2009-04-17-19-§8, LOV-2009-04-17-19-§25, LOV-2009-04-17-19-§52
Kunngjort	28.12.2010 kl. 15.20
Korttittel	Forskrift om beregning og innkreving av anløpsavgift

Hjemmel: Fastsatt av Fiskeri- og kystdepartementet (nå Samferdselsdepartementet) 20. desember 2010 med hjemmel i lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann § 8, § 25 og § 52.

§ 1. (virkeområde)

Forskriften gjelder for de kommuner som beregner og innkrever anløpsavgift med hjemmel i lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 25. Forskriften regulerer beregning og innkreving av slik anløpsavgift.

§ 2. (avgiftsplikt)

Kommunen kan i forskrift bestemme at fartøy som anløper havn i kommunen skal betale anløpsavgift til kommunen, jf. havne- og farvannsloven § 25. Anløpsavgiften skal ilegges per anløp. Med et anløp menes en inn- og utseiling. Ved flere anløp til havn i kommunen i løpet av samme døgn, ilegges avgift kun en gang.

Unntatt fra plikt til å betale anløpsavgift er:

- fartøy med største lengde under 15 meter
- bergings- og isbryterfartøyer i forbindelse med berging og isbryting
- orlogsfartøy, norske og utenlandske
- Kystverkets fartøy i forbindelse med arbeid i farvannet
- Sysselemannen på Svalbards tjenestefartøy og Norsk Polarinstitutt's fartøy i forbindelse med arbeid i farvannet på Svalbard
- fartøy som anløper havn på grunn av skade eller nødtilstand og fartøyet ikke laster, loss eller tar om bord passasjerer.

Kommunen kan fritta andre fartøy enn de som er nevnt i andre ledd fra plikten til å betale anløpsavgift.

§ 3. (kostnader som dekkes av anløpsavgiften)

Anløpsavgiften skal bare dekke kommunens kostnader knyttet til sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde, samt utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i eller i medhold av havne- og farvannsloven. Dette kan være kostnader til navigasjonsinnretninger, investeringer og vedlikehold i farleden, fjerning av hindringer i farvannet, oppsynsfunksjoner, isbryting og fastsettelse og håndhevelse av ordensforskrifter.

Felleskostnader til administrasjon skal beregnes og fordeles slik at anløpsavgiften bare belastes med sin relative andel av felleskostnadene.

Avskrivning og renter regnes som kostnad. Avskrivninger beregnes ved å fordele investeringskostnaden jevnt over investeringsens levetid. Ved intern finansiering kan det beregnes kalkulatorisk rente begrenset oppad til effektiv rente på statsobligasjoner med tre års gjenstående løpetid tillagt ett prosentpoeng.

Kostnader som kan dekkes av saksbehandlingsgebyr etter havne- og farvannsloven § 6 eller gebyr for kontrolltiltak og tilsyn etter havne- og farvannsloven § 54, samt kostnader som refunderes av andre, skal holdes utenfor beregningsgrunnlaget.

Ved tvil avgjør Kystverket hvorvidt en kostnad kan dekkes av anløpsavgiften.

§ 4. (beregning av anløpsavgift)

Anløpsavgiften skal beregnes på bakgrunn av fartøyets bruttotonnasje (BT) slik den er angitt i fartøyets internasjonale målebrev som er i henhold til Den internasjonale konvensjonen om måling av fartøyer av 1969. Dersom fartøyets BT ikke fremgår av målebrevet, fastsettes denne av kommunen basert på beregning av BT for tilsvarende fartøy.

Det kan fastsettes en minimumsavgift istedenfor avgift beregnet på grunnlag av fartøyets BT.

§ 5. (rabattordninger)

Kommunen kan fastsette rabattordninger, herunder årsavgift eller sesongavgift.

§ 6. (innføring og endring)

Innføring og endring av anløpsavgiften bør skje med virkning fra 1. januar.

§ 7. (etterkalkulasjon)

Kommunen skal for hvert år foreta en etterkalkulasjon som viser inntekt fra anløpsavgiften og de kostnader som skal dekkes av anløpsavgiften. Ved utarbeidelsen av etterkalkylen skal føringen av kostnadene følge de samme prinsippene som ble benyttet ved beregning av anløpsavgiften for det enkelte år. Fordeling av kostnader skal være dokumentert og etterprøvbare.

Anløpsavgiften skal ikke gi økonomisk overskudd. Kommunen kan fremføre overskudd og underskudd fra avgiftsregnskapet til påfølgende år. I løpet av en periode på 3–5 år skal ikke inntektene overstige kostnadene for årene samlet.

§ 8. (tilsyn)

Kystverket fører tilsyn med at bestemmelsene i forskriften blir overholdt.

I forbindelse med Kystverkets tilsyn, kan Kystverket kreve at kommunen fremlegger avstemt regnskap og annen relevant dokumentasjon. Slik dokumentasjon skal kunne kreves fremlagt innen en måned etter at årsregnskapet er avlagt og revidert av revisor.

§ 9. (forvaltningstiltak)

Kystverket kan iverksette forvaltningstiltak etter havne- og farvannsloven kapittel 10 overfor kommunene ved brudd på bestemmelsene i denne forskriften.

§ 10. (innkreving av anløpsavgift)

Kommunen kan gi forskrift om at eiere eller operatører av havner eller havneterminaler som er organisert som eget rettssubjekt, skal innkreve anløpsavgift på vegne av kommunen mot særskilt godtgjørelse til dekning av kostnadene ved innkrevingen.

§ 11. (betalingsplikt)

Rederen og agenten svarer solidarisk for anløpsavgiften, jf. havne- og farvannsloven § 25 fjerde ledd.

§ 12. (klage)

Enkeltvedtak som treffes etter forskriften kan påklages etter bestemmelsene i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker. Kystverkets hovedkontor er klageinstans for vedtak fattet av kommunen.

§ 13. (ikrafttredelse)

Forskriften trer i kraft 1. januar 2012.

PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE

1. Orientering om prissystemet

1.1 Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Når skip med sikringssertifikat (SSC) nyttar Mjølstadneset Hamneterminal skal det betalast sikkerheitsgebyr (ISPS-gebyr).

Skip som anløper Mjølstadneset Hamneterminal og almenningsskaiene i Fosnavåg (indre og ytre almenningsskai) skal betale avfallsvederlag (skipsrenovasjon). Sjå pkt. 2 for oversikt over satsar.

1.2 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal og anna som tilhøyrer Herøy kommune. Følgjande priskategoriar inngår i denne gruppa.

- Kaivederlag – Betaling for bruk av kaier (sjå pkt. 3.1.)
- Varevederlag – Betaling for bruk av kaiareal for lasting og lossing samt mellomlagring av gods før lasting/etterlossing (sjå pkt. 3.2.)

1.3 Sal av vare og tenester

Herøy kommune tilbyr diverse varer og tenester til skipsfarta og andre hamnebrukarar. Sjå pkt. 4.

1.4 Sakhandsamingsgebyr

I henhold til Lov om havner og farvann nr. 19 §§ 6 og 54. med tilhøyrande forskifter er det gitt adgang til å innkreve sakshandsamingsgebyr. Til dekning av Herøy kommune sine nødvendige kostnader i samband med handsaming av søknader om løyve etter Lov om havner og farvann § 27 og forskrifter gitt i medhald av lova, skal tiltakshavar betale gebyr.

Gebyra skal betalast før sakshandsaminga startar. Sakshandsaminga vil ta til når innbetaling av gebyr er registrert.

Innbetalt sakshandlingsgebyr vil ikkje bli refundert ved avslag på søknad.

Gebyrsatsar sjå pkt. 5.

2. Sikkerheitsgebyr og avfallsgebyr

Gjeldande ISPS- og avfallsgebyr (skipsrenovasjon) i Herøy kommunme, eks. mva.

- ISPS-gebyr: kr. 200,- pr. anløp
- Avfallsgebyr: kr. 300,- pr. anløp. Farleg avfall, kloakk og lasterestar må handterast av godkjend renovatør som vert bestilt og fakturert i kvart enkelt tilfelle.

3. Bruk av Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningsskai i Fosnavåg

Alle prisar er ekskl. mva.

3.1 Kaivederlag, kommersielle anløp

Alle fartøy eller flytande innretingar som fortøyer ved Mjølstadneset Hamneterminal og Indre allmenningsskai i Fosnavåg, skal betale kaivederlag. Fartøy som fortøyer utanfor anna fartøy, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia.

Kaivederlag skal betalast sjølv om fartøyet ligg ved kaia utan at det foregår lossing eller lasting.

Kaivederlag vert berekna etter fartøyets bruttotonnasje(BT). For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev fastset Herøy kommune fartøyet sin tonnasje etter skjønn.

BRUTTOTONNASJE	INTERVALL	SATS PR. TONN	TOTALT BELØP
For dei fyrste 300 BT	1 - 300	kr. 0,56	kr. 168
For dei neste 300 BT	301 - 600	kr. 0,45	kr. 303
For dei neste 600 BT	601 - 1 200	kr. 0,33	kr. 501
For dei neste 800 BT	1 201 - 2 000	kr. 0,31	kr. 749
For dei neste 1 000 BT	2 001 - 3 000	kr. 0,23	kr. 979
For dei neste 2 000 BT	3 001 - 5 000	kr. 0,22	kr. 1 419
For dei neste 5 000 BT	5 001 - 10 000	kr. 0,18	kr. 2 319
For dei neste 10 000 BT	10 001 - 20 000	kr. 0,15	kr. 3 819
For dei neste 10 000 BT	20 001 – 30 000	kr. 0,49	kr. 8 719
For dei neste 20 000 BT	30 001 – 50 000	kr. 0,45	kr. 17 719
For alt over 50 000 BT	Over 50000	kr. 0,36	-----

Minstepris kr 200,- pr. døgn

3.2 Varevederlag

Varevederlag vert rekna etter vekt (i tonn) eller pr. lasteeining. Dette gjeld for alle varer som vert frakta med skip over Mjølstadneset hamneterminal og indre allmenningskai i Fosnavåg.

Prisar for varer over kai:

- Bulklast: kr 6,00 pr. tonn
- Blokkstein og små betongkonstruksjonar: kr 6,00 pr. tonn
- Varer i container: kr 100,- pr. container
- Båtar: kr 100,- pr. stk.
- Motorkøyretøy: kr 100,- pr. stk
- Øvrige varer: kr 10,00 pr. tonn

Vederlaget skal bereknast utfrå vara si **bruttovekt**, når forholdet vekt/kubikk er større enn ½. Og utfrå vara sin **bruttokubikk**, når forholdet vekt/kubikk er mindre enn ½. Dersom dei ovannemnde priskategoriane ikkje er relevante, kan det avklarast prisar spesielt.

Varevederlaget inkluderer rett til å lagre last i 48 timar før/etter lasting/lossing.

Dersom varer vert liggande på kaiområdet utover dette, kjem følgjande tillegg.

- Containerar: kr 150,- pr. container pr. døgn
- Båtar/køyretøy/store konstruksjonar: kr 150,- pr. stk. pr. døgn
- Øvrige varer (stykkgods): kr 15,00 pr. tonn pr. døgn

Minsteavgift kr 150,- pr. døgn.

4. Sal av varer og tenester

Alle prisar er ekskl. mva.

For levering av tenester utanom ordinær arbeidstid kjem følgjande gebyr i tillegg til leveransen.

- I tidsrommet kl. 16:00 – 21:00 måndag – fredag kr 1.000,- pr gong.
- I tidsrommet kl. 21:00 – 08:00 måndag – fredag
samt på laurdagar, søndagar og øvrige helligdagar: kr 1.850,- pr. gong

4.1 Sal av ferskvatn

Ferskvatn vert levert til skip etter målt kvantum.

- Pris kr 12,00 pr. m3,

4.2 Sal av straum

- Pris kr 1,50 pr. kWh.

Merknad:

Ingen kan kople seg til straumnettlet utan løyve frå Herøy kommune. Målar avlesast av hamneoperatør ved tilkopling og fråkopling.

5. Sakhandsamingsgebyr

Satsar for sakhandsaming etter lov om havner og farvann:

Gebyrtype

- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak kr. 1.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr “enkle” tiltak m/synfaring kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak kr. 2.500,- pr. søknad
- Sakshandsamingsgebyr, større tiltak m/synfaring kr. 4.000,- pr. søknad

6. Diverse informasjon

6.1 Informasjon om ordning for skipsrenovasjon (avfallsordning)

Levering av avfall ved anløp skal avtalast på førehand ved å kontakte hamneoperatør, sjå pkt. 6.5.

Oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip skal leverast til avfallsfirma. Kontakt hamneoperatør for nærmare informasjon om avfallsordninga og/eller formidling av avfallsfirma for mottak av oljeavfall, lasterestar og kloakk frå skip.

6.2 Krantenester

Herøy kommune har ikkje eigne kraner.

6.3 Bestilling av ferskvatn og straum

- Bestilling av vatn for levering på laurdagar, søn- og helligdagar må skje seinast kl. 13:00 på fredagar eller siste ordinære virkedag før helligdag.
- Avbestilling av vasslevering utanom ordinær arbeidstid må skje innan kl. 14:00 siste arbeidsdag.
- Same vilkår gjeld for tilkalling av hamneoperatør ved bestilling av straum.

6.4 Forretningsvilkår

For utfyllande informasjon vert det vist til vedlagte «Vilkår for hamnetenester i Herøy kommune».



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANDVAG	Arkivsaknr:	2016/623
		Arkiv:	10/12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/16	Maritim og teknisk komite	13.12.2016

GNR 10 BNR 12 - FRÅDELING AV EKSISTERANDE FABRIKKBYGNING TIL FRITIDSEIGEDOM

Tilråding:

Maritim og teknisk komité vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8, etter pbl § 19-2, og gjev løyve til frådeling etter Jordlova § 12.

Grunngjeving er at ei frådeling og bruksendring vil føre til at bygget vert ivareteken, og at deling ikkje vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Det stillast som vilkår for dispensasjonen at bygget og miljøet kring bygget ivaretakast slik det står fram i dag.

Særutskrift:
Randi Magda Goksøyr
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Vedlegg:

- 1 Søknad om deling grunneigedom
- 2 Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl)
- 3 Nabovarsel
- 4 Kart
- 5 Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 6 Uttale
- 7 Merknader
- 8 Uttale til sak 2016/623
- 9 Oppdatert naturfarekart
- 10 Frådeling av fritidseigedom - Parkering og avkøyrslø.
- 11 Generell ROS-analyse

Saksopplysningar:

Tiltaket gjeld frådeling og bruksendring av ein eksisterande tarefabrikk til fritidsføremål, som av ein aktuell kjøpar ynskjaast brukt som ein fritidsbustad og atelier. Bygningen ligg ved fylkesvegen, på nordaustsida mot sjøen. Storleik på eigedomen vert om lag 375 m², med 4-5 m ut frå veggane. Ein liten del av tomta vert delt frå bnr. 4, då grensa ligg om lag 1 m frå bygningen. Det vert opplyst om at bygget kan kople seg på privat brønn, og at det ikkje skal nyttast vassklosett.

Søkjjar opplyser om at bygget har vore ein tarefabrikk, som ikkje har vore i drift dei seinare åra, og vil no dele frå dette bygget for å sleppe vedlikehaldet.

Olav Goksøyr fekk frådelt ein bustadtomt på gbnr. 10/12 i 2007, i samband med at dottera Randi Goksøyr skulle overta bruket. Ho eig òg bnr. 4 og 5, på kvar si side av bnr. 12. Andre sakar i området, gjeld t.d. oppretting av hyttetomter på bnr. 35 og 32 i høvesvis 2013 og 2005, og dertil bustadtomt på bnr. 33 i 2006.

Vurdering og konklusjon:

Saka har vore på høyring hjå regionale høyringsinstansar, og hovudkonklusjonane er gjengitt nedanfor:

Søre Sunnmøre landbrukskontor:

Randi Goksøyr søker om å dele frå den gamle tarefabrikken som legg nedom vegen. Bygningen skal nyttast til fritidsbustad og atelier. Vi kan ikkje sjå at delinga vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir løyve til frådeling, jmf. Jordlova § 12. Deling vil ikkje føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Før kommunen eventuelt gir dispensasjon må det dokumenterast at faren for skred mot det omsøkte området fyller krava gitt i byggeteknisk forskrift (TEK 10§ 7-3). Dersom det allereie føreligg ei slik vurdering, jamfør pkt. 6 i «Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning», bør ho etterspørjast. Eventuelt må tiltak som gjer området trygt for skred vurderast.

I tillegg må det gjennomførast ei generell risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar. Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for slike vurderingar i sakar av denne storleiken.

Møre og Romsdal Fylkeskommune:

Runde er ei perle av ei øy med høgt verdsette natur- og kulturmiljø med mange spennande kulturminne. Goksøyra er vald ut som eit regionalt viktig kulturmiljø i Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. I den samanheng har vi som kulturminnemynde interesse av utviklinga på Runde og Goksøyra, og meir detaljerte planar for dette huset.

Etter det vi kan sjå har huset fått nye vindaugsopningar, men ser elles ut som ein fabrikk eller uthus av noko slag med fleire byggsteg, ein del i tre og ein i mur pluss garasje i tre, tidfesting kan hende rett før eller etter 2. verdskrig. Når det er tenkt ny bruk at eit bygg så sentralt i ei bygd med mellom anna turisme som næringsveg, er det viktig korleis huset er tenkt utnytta. Særleg meiner vi det ikkje bør bli privatisert for mykje rundt huset eller bygd opp og endra terreng slik det ser ut til å vere gjort under tilhengaren utanfor huset på bilete.

Statens vegvesen:

Statens vegvesen har ikkje merknad til at det vert dispensert frå arealbruken nedfelt kommuneplanen sin arealdel med sikte på oppretting av grunneigedom i tråd med søknaden, men gjer merksam på:

- *Tilkomst til eigedomen må sikrast i samsvar med krav nedfelt i § 27-4 i plan- og bygningslova.*
- *Endra/utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesvegen krev løyve i samsvar med § 40 i veglova.*
- *Bruken av bygninga til fritidsføremål må klarerast/godkjennast i høve til § 34 i veglova, i og med at bygninga har ei plassering i strid med gjeldande byggeggrens langs fylkesvegen.*

Administrasjonen si vurdering:

Det ligg ikkje føre nokon særlege negative merknadar i saka, og ein vurderer i utgangspunktet at tiltaket opplevas som positivt. Fabrikken er ikkje i drift, og eit sal av bygget gjer at vedlikehald vert meir prioritert. Ei frådeling og bruksendring kan mogleggjere dette, og ein fritidsbustad/atelier synes å vere positivt for bygget og området.

Fylkesmannen kommenterer at området er potensielt skredfarleg jf. aktsemdskart, og vil samstundes at det utføres ei forenkla ROS-analyse. Den nye, detaljerte skredfarekartlegginga utført av NGU, vart publisert i august i år, og friskmeldar omsøkt areal med omsyn til skredfare av ulikt slag. Sjå vedlagt naturfarekart.

Det har vore gjennomført ein generell ROS-analyse med Fylkesmannen si sjekkliste. Slik det er vurdert, ligg det ikkje føre nokon uakseptabel risiko med tiltaket, sjølv om det er enkelte utfordringar, særleg knytt til infrastruktur.

Det største faremomentet er nok mangel på sløkkevatn ved ev. brann. Dette er ei utfordring mange stader i Herøy på grunn av dei geografiske tilhøva. Soleis har òg brannmannskap erfaring med dette. Bygninga ligg lett tilgjengeleg ved fylkesvegen,

og har samstundes kort avstand til sjøen for ev. bruk av pumpe. Ein vurderer difor ikkje tilhøvet som uakseptabelt.

Fylkeskommunen er oppteken av at bygninga og miljøet vert ivareteken, då Goksøyra er vald ut som eit regionalt viktig kulturmiljø i Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. Administrasjonen vil ta omsyn til dette ved å presisere dette som vilkår i dispensasjonsvedtaket.

Statens vegvesen gjer merksam på at det skal vere sikra lovleg tilkomst til eigedomen, at endra/utvida bruk av avkøyrsla krev løyve jf. veglova § 40 og at bruksendringa av bygget krev løyve etter veglova § 34.

Administrasjonen er av den oppfatning at fabrikken allereie har lovleg tilkomst, og at bruksendring til fritidsbustad ikkje vil medføre endra eller utvida bruk av avkøyrsla. Før bruksendring av bygget kan godkjennast, må ein likevel få løyve frå Statens vegvesen etter veglova § 34. Dette stillast soleis ikkje som eit vilkår i dispensasjonssaka.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet jf. pbl § 1-8 i høve frådeling av ei om lag 380 m² stor tomt kring eksisterande fabrikkbygning til fritidsføremål.

Fosnavåg, 11.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Vagnildhaug

W) ANJUKAG

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

Plass for kommunen sitt stempel

Reg. nr. **2016/623** Saksbet.

27 APR. 2016

Ark kode P
Ark kode S
J. nr. Dok. nr.
Kassasjon

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- ☒ I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- ☐ II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- ☐ III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelsavar(ar) (med blokkbokstavar)
10	12+4			RANDI GOKSØYR
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelsavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelsavar(ar) (med blokkbokstavar)
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelsavar(ar) (med blokkbokstavar)

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL§93) ☒ Deling og oppmålingsforretning av: ☒ Ny grunneigedom ☐ Anleggseigedom ☐ Anna: (spesifiser) _____ ☐ Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring</i>.) ☐ Oppretting av festetomt ☐ Oppretting av punktbeste ☐ Anna: (spesifiser) _____ ☐ Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)	Sakstype III (Matrikkellova) ☐ Grensejustering (matrikkelforskr § 34) ☐ Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36) ☐ Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr § 31) ☐ Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr § 32) ☐ Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)
--	---

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvsendig brukseining	Tilleggsparcell	Tilleggsparcell til gnr/bnr.
1	ca 377 m ²	fritid.	☒	☐	Gnr. Bnr.
2	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
3	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
4	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
5	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.
6	m ²		☐	☐	Gnr. Bnr.

5. Arealdisponering

☒ Kommuneplan ☐ Kommunedelplan ☐ Reguleringsplan(område/detalj) ☐ Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

☒ Ja☐ Nei (Viss nei, må kompenserande tiltak forklarast i eige vedlegg.)**7. Avstandar**

Går det høgsrent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?

☒ Nei☐ Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?

☒ Nei☐ Ja, avstand: m**8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43**

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

☐ Riksveg☒ Fylkesveg☐ Kommunal veg☐ Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

☐ Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)☒ Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt?

☐ Ja☐ Nei**9. Vassforsyning/avlaup - jf. pbl §§ 65 og 66**Offentleg vassverk: ☐ Ja ☐ NeiOffentleg avlaupsanlegg: ☐ Ja ☐ NeiPrivat vassverk: ☒ Ja ☐ NeiPrivat avlaupsanlegg: ☒ Ja ☐ Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

___ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

___ Kart/situasjonsplan

___ Fråsegn, samtykkje, løyve

___ Gjenpart av nabovarsel

___ Private bruksrettar (servituttar)

___ Dispensasjonssøknad

___ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

9. Kan koble seg på privat brønn

9. Skal ikkje nyttast vannklosett

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato

24/4-16

Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)

RANDI GOKSØYR

Rekvirenten si underskrift

Randi Goksøyr

Adresse

Goksøyrvegen 87

Postnr/stad

6096 Runde

E-postadresse

randimagda@gmail.com

Telefon

70085965 / 99010405

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato

Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

Postnr/stad

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

☒ Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

☐ Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

10

Bnr.

12

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Salg av tarefabrikken med minimum tømt rundt
For bruk til fritidsbolig og atelier

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

LNF - i kommuneplan

Grunngjeving:

Drifta har vore nedlagt nokre år, og eg har så
mange hus å ta vare på. Eg fekk henv. frå ei
som ynskjer å kjøpe, så då vart det bestemt.

☐ Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.: 1

☐ Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: 2

☐ Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

Randi Goksøy

Adresse

Goksøyvegen 87

Postnr.

6096

Postadr.

Runde

Telefon

70085965

Mobiltlf.

99010405

Dato:

24-4-16

Signatur

Randi Goksøy

Skriv ut

Gjenpart av nabovarsel

plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 § 21-3

Tiltak på eiendommen:			
Gnr. 10	Bnr. 12+4	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse Gokkøyroegen			
Postnr. 6096	Poststed Runde		
Kommune Herøy			
Eier/fester Randi Gokkøy			

Det varsles herved om

Søknad om tiltak som krever tillatelse etter plan- og bygningsloven § 20-1

☐ Nybygg	☐ Anlegg	☐ Endring av fasade	☐ Riving	☒ Annet
☐ Skilt	☐ Eiendomsdeling eller bortfeste	☐ Innhegning mot veg	☐ Bruksendring	

Søknad om tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-2

☐ Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm SAK10 § 3-2	☐ Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg
Mindre tiltak til bebygd eiendom	
☐ Tilbygg < 50 m ²	☐ Antennesystem
☐ Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m ²	☐ Skilt/reklame
	☐ Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt)
	☐ Annet pbl § 20-2 bokstav d

Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19

☒ Dispensasjon	LNF i Kommuneplan
--	-------------------

Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder

Salg av trefabrikken til fritidsbolig og atelier

Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel

Eventuelle merknader må være kommet til ansvarlig søker/tiltakshaver innen 2 uker etter at dette varsel er sendt.

Ansvarlig søker/tiltakshaver		Kontaktperson	
Navn Randi Gokkøy		Navn Randi Gokkøy	
Besøksadresse		E-post randimagda@gmail.com	
Postadresse Gokkøyro. 87		Telefon 70085965	Mobil 99010405
Postnr. 6096	Poststed Runde		
Søknaden kan ses på hjemmeside: www.			

Merknader sendes:	Navn Randi Gokkøy	Postadresse Gokkøyro 87
	Postnr. 6096 Poststed Runde	E-post randimagda@gmail.com

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Kopi av søknad om tillatelse til tiltak			☐
Dispensasjonssøknad (begrunnelse/vedtak) (pbl kap. 19)	B		☐
Situasjonsplan, avkjøringsplan	D		☐
Tegninger (snitt og fasade)	E		☐
Andre vedlegg	Q		☐

Underskrift

Sted Runde	Dato 24/4-16	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver Randi Gokkøy
		Gjentas med blokkbokstaver RANDI GOKKØY

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varslet er mottatt.

Eiendom/byggested

Gnr. 10	Bnr. 12+4	Festenr.	Seksjonsnr.	Adresse Gokstyrægen 6096 Runde
Nabo-/gjenboereiendom				Nabo-/gjenboereiendom eier/fester
Gnr. 10	Bnr. 34	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Heidi Gokstyr
Adresse Gokstyrægen 83				Adresse
Postnr. 6096	Poststed Runde	Postnr. 6392	Poststed Vikabukt	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
☒ Varsel er mottatt ☒ Samtykker i tiltaket				8/6/16 Heidi Gokstyr *

Nabo-/gjenboereiendom				Nabo-/gjenboereiendom eier/fester
Gnr. 10	Bnr. 29+30	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Bjørn Søvik
Adresse Gokstyrægen				Adresse Remen 29
Postnr. 6096	Poststed Runde	Postnr. 6170	Poststed Vartdal	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
☒ Varsel er mottatt ☒ Samtykker i tiltaket				17.04.2016 J. H. R. *


Nabo-/gjenboereiendom				Nabo-/gjenboereiendom eier/fester
Gnr. 10	Bnr. 13	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn Inger Lise og Kjell Arnsen
Adresse Gokstyrægen				Adresse Gokstyrægen 81
Postnr. 6096	Poststed Runde	Postnr. 6096	Poststed Runde	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
☒ Varsel er mottatt ☒ Samtykker i tiltaket				23.04.2016 Inger Lise D. Arnsen *

Nabo-/gjenboereiendom				Nabo-/gjenboereiendom eier/fester
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn
Adresse				Adresse
Postnr.	Poststed	Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
☐ Varsel er mottatt ☐ Samtykker i tiltaket				

Nabo-/gjenboereiendom				Nabo-/gjenboereiendom eier/fester
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eiers/festers navn
Adresse				Adresse
Postnr.	Poststed	Postnr.	Poststed	Poststedets reg.nr.
Personlig kvittering for mottatt varsel				Dato Sign.
☐ Varsel er mottatt ☐ Samtykker i tiltaket				

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: _____ Sign.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/623	25.05.2016	39858/2016/DISPENSASJON	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	28.06.2016

Herøy kommune -fråsegn til frådeling og bruksendring gbnr 10/12 – fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Då dette er ei frådelingssak vert det ikkje stilt krav om ei arkeologisk registrering på dette tidspunkt, men dersom ei framtidig byggesak ligg føre på eigendomen, vil vi anbefale å få ei tidleg klarering på om det kan vere automatisk freda kulturminne innanfor frådelingsområde samt trase for ny tilkomstveg og vassledning.

Kulturminne frå nyare tid

Runde er ei perle av ei øy med høgt verdsette natur- og kulturmiljø med mange spennande kulturminne. Goksøyra er vald ut som eit regionalt viktig kulturmiljø i Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal. I den samanheng har vi som kulturminnemynde interesse av utviklinga på Runde og Goksøyra, og meir detaljerteplanar for dette huset.



Så vidt vi kan sjå er dette huset det er snakk om.

Etter det vi kan sjå har huset fått nye vindaugsopningar, men ser elles ut som ein fabrikk eller uthus av noko slag med fleire byggesteg, ein del i tre og ein i mur pluss

garasje i tre, tidfesting kan hende rett før eller etter 2. verdenskrig. Når det er tenkt ny bruk at eit bygg så sentralt i ei bygd med mellom anna turisme som næringsveg, er det viktig korleis huset er tenkt utnytta. Særleg meiner vi det ikkje bør bli privatisert for mykje rundt huset eller bygd opp og endra terreng slik det ser ut til å vere gjort under tilhengaren utanfor huset på bilete.

Konklusjon

- Vi rår til at forholdet til automatisk freda kulturminne blir tidlig avklara ved eventuelt byggesak.
- Vi rår til at kommunen sett vilkår som kan ivareta bygninga og miljøet rundt som lokal kulturhistorisk ressurs og området som eit mykje besøkt friluftsområde, i eit eventuelt vedtak om dispensasjon.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Arve E Nytun, tlf. 71 25 88 40
Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Toril Moltubakk, tlf. 71 25 89 28

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga

Telefon: 700 84 670
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 30.06.2016

LANBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ RANDI GOKSØYR OM DELING AV 10/12

Randi Goksøyr har søkt om få dele frå den gamle tarefabrikken som ligg på eigedomen. Eigedomen ligg i LNF-området i kommuneplanen med omsynssone kulturlandskap. Eigedomen består av grunneigedomane 10/4, 10/12 og 10/5. Søknaden må ha løyve til deling etter jordlova §12.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 52,8 dekar der 3,7 dekar er fulldyrka jord og 45,5 dekar er innmarksbeite. Anna areal utgjer 108,5 dekar. Totalt areal på eigedomen er 161,3 dekar.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Randi Goksøyr søker om å dele frå den gamle tarefabrikken som ligg nedom vegen. Bygningen skal nyttast til fritidsbustad og atelier. Vi kan ikkje sjå at delinga vil føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Framlegg til vedtak etter jordlova:


Maritim og teknisk komite gir løyve til frådelling, jmf. Jordlova § 12. Delinga vil ikkje føre til negative konsekvensar for drifta på bruket eller for landbruksdrifta i området.

Med helsing



Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: Utsnitt av gardskart for 10/4, 10/12 og 10/5



Lisjevatnet

0 20 40 60m

Målestokk 1 : 4000 ved A4 utskrift
Utskriftsdato: 17.06.2016

GÅRDSKART 1515-10/4
Tilknyttede grunneiendommer:
10/4 - 10/12 - 10/5



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

	Fulldyrka jord
	Overflatedyrka jord
	Innmarksbeite
	Skog av særskilt høg bonitet
	Skog av høg bonitet
	Skog av middels bonitet
	Skog av lav bonitet
	Uproduktiv skog
	Myr
	Åpen jorddekt fastmark
	Åpen grunnlendt fastmark
	Bebyggd, samf, vann, bre
	Ikke klassifisert
	Sum:

AREALTALL (DEKAR)

7.3	
0.0	
45.5	52.8
0.0	
0.0	
0.0	
0.0	
0.0	
2.2	2.2
8.9	
34.6	
62.6	106.1
0.2	
0.0	0.2
161.3	161.3

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

Arealressursgrenser
 Eiendomsgrenser



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2016/623	Saksbeh.
28 JUNI 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

Herøy kommune Frådeling av fritidseiendom gnr10 bnr12 - Randi Goksøyr Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld frådeling og bruksendring av ein eksisterande tarefabrikk til fritidsføremål og atelier. Eigedomen ligg i LNF-område.

Samfunnstryggleik

I § 28-1 i plan- og bygningsloven er det slått fast at «Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold.» Ein mindre del av området kor det er søkt om frådeling og bruksendring er avmerkt som potensielt fareområde for snøskred. Sjå NVE sitt aktsemdskart for skred i bratt terreng på <http://www.gislink.no>. Eller <http://www.skrednett.no>

Før kommunen eventuelt gir dispensasjon må det dokumenterast at faren for skred mot det omsøkte området fyller krava gitt i byggteknisk forskrift (TEK 10§ 7-3). Dersom det allereie føreligg ei slik vurdering, jamfør pkt. 6 i «Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning», bør ho etterspørjast. Eventuelt må tiltak som gjer området trygt for skred vurderast.

I tillegg må det gjennomførast ei generell risiko- og sårbarheitsvurdering for å avklare om tiltaket kan medføre andre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar. Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga er eit føremålstenleg verktøy for slike vurderingar i sakar av denne storleiken. Sjekklister ligg under Fylkesmannen si heimeside i høgremargen på følgjande nettadresse:
<http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Forebyggjande-samfunnstryggleik/>

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik:

Trygve Winter-Hjelm, 712 58488

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset

6404

Molde

Statens vegvesen Region midt

Postboks 2525

6404

MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.


Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 30. juni 2016 17:27
Til: postmottak
Kopi: Andreas Vagnildhaug
Emne: Uttale til sak 2016/623

[Sjå vedlegg.](#)

Helsing

Anne-Kathrine Løberg
Landbrukssjef
Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Tlf. 70084670 Dir. 70084671 Mob. 90034380

www.landbrukskontoret.no



Tegnforklaring

- Skredanalyseomraade
- Skredsoner_100
- Skredsoner_1000
- Skredsoner_5000
- Flom_aktsonhetsomrade
- GeocacheGråtone



Herøy Kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Råd.nr. 2016/623	Saksbeh.
21 OKT. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Saksnr 2016/623 Dato 17 oktober 2016

Randi Goksøyr Bnr 10 Gnr 12 Frådeling av fritidseigedom

Parkering og avkøyrsløse

Eg tenker at det er parkeringplass i garasja på nordvestenden av bygget. Det er også ein plass framfor garasjedøra og i tillegg ein plass på oppfylt område i søraustenden som eg viser på kartet
Det må vere vel nok.


Avkøyrsløse vert til garasja på enden, anna avkøyrsløse er ikkje nødvendig. Den kan flyttast litt som eg viser på teikninga fordi den kan ikkje brukast sånn som den er innteikna no, den er for bratt.

Eg vil også peike på at huset vart oppsett i 1949 medan vegen var ein smal bygdeveg med gras på midten.

Det har dessutan vore fabrikkdrift kontinuerlig i 75 år i bygninga. Eg trur ikkje det vert meir bruk av parkering og avkøyrsløse om det no vert fritidsbustad

Med helsing

Randi Goksøyr
Goksøyrvegen 87
6096 Runde
70085965 / 99010405



Kartopplysninger som vert kravd ved omsetting av eiendommar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 06.12.2012

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?	X	
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industrieføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig slökkjvassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenningslinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 30/11 - 16 av sign:

Andreas Vognildhøy



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ANDVAG	Arkivsaknr:	2016/1055
		Arkiv:	40/3

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/16	Maritim og teknisk komite	13.12.2016

GNR 40 BNR 3 - FRÅDELING AV TO TILLEGGSAREALER

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek av det vert gjeve dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen, samt deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av eit tilleggsareal på 120 m² frå gnr. 40 bnr. 3 til gnr 40 bnr. 85 på Nautøya.

Særutskrift:
Ruben Bakke
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg:

- 1 Søknad om frådeling av to tilleggsareal
- 2 Gjenpart av nabovarsel
- 3 Rekvisisjon av oppmålingsforretning
- 4 Kart
- 5 Kjøpekontrakt
- 6 Søknad om tilleggsareal og fast brygge med tilhøyrande flytebrygge
- 7 Kart
- 8 Foto
- 9 Uttale frå Fylkesmannen i MR
- 10 Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- 11 Odd Ivar Gjerde 40/3 Frådeling av to tilleggsarealer - Oversending for uttale

Saksopplysningar:

Odd Ivar Gjerde, eigar av gnr. 40 bnr. 3 søker om å dele frå tilleggsareal til bustadtomta 40/82 og naustarealet 40/85, ved Ruben Bakke. Bakke fekk i 2015 dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel med sikte på frådeling av 4 tomter og har eit bustadhus under oppføring på 40/82.

Tilleggsarealet til 40/85 skal gjere det enklare å etablere ei fast brygge med tilhørande flytebrygge, som det seinare skal søkast om byggeløyve til. Arealet er på om lag 50 kvm.

Det andre tilleggsarealet til bustadtomta 40/82 er ei utviding av bustadtomta for meir «fleksibilitet» i samband med vedlikehald utanfor steinmuren. Arealet er om lag 70 kvm.

Dispensasjonen er grunngjeve med at nabo Hagemann på gbnr. 40/1 er bekymra for å få tau i propellen dersom det vert lagt ut ei ny flytebrygge på noverande stad, og dette vil bli unngått ved å montere ein flytebrygge til ei fast brygge slik som vist i teikning. Søkjar skriv vidare at det vil bli laga ei trapp slik at allmenn ferdsel er ivareteken, og han er oppteken av godt naboskap.

Saka har vore på høyring hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen særlege merknadar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgjande merknadar:

Natur- og miljøverninteresser

Utvidinga av bustadtomta går inn i området sett av til naust. Det er stor skilnad på om eit område nyttast til naust eller bustadtomt med høve til privatisering og høvet til ferdsel. Nærområdet er sterkt prega av ulike tiltak, men kommunen bør sørge for at ein opprettheld høvet for ålmenta til å ferdast i strandsona frå LNF-området lenger aust og vest- og nordover ut på den vesle tungen. Dersom ein tillater etablering av bustadtomt heilt til strandkanten og faktisk også med fylling ut i sjøen, medfører det ei total privatisering av strandsona. Søkjar skriv at det vil bli laga ei trapp slik at allmenn ferdsel er ivareteken. Etter fylkesmannen sitt syn, vil eit slikt tiltak uansett verke sterkt privatiserande og dermed vere ei barriere for fri ferdsel. Vi rår difor ifrå ei utviding av bustadtomta som omsøkt. Vi kan heller ikkje sjå behovet for eige på begge sider av steinmuren for kunne vedlikehalde denne.

Samfunnstryggleik

Det søkjast om dispensasjon i eit område som ligg nær sjø. Området kan difor vere utsett for havnivåstiging og stormflo. Fylkesmannen minner om at det berre kan byggjast på grunn, eller opprette eller endre eigedom, dersom det er tilstrekkeleg tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningslova § 28-1. Det må difor lagast ei forenkla risiko- og sårbarheitsvurdering. Denne vurderinga må som eit minimum seie noko om stormflo, bølgeverknad og havnivåstigning samd eventuelle kompenserande tiltak ved innfesting av flytebrygge.

Vurdering og konklusjon:

Ein still seg noko undrande til Fylkesmannen si vurdering om at det er behov for ei forenkla ROS-analyse i denne frådelingssaka, med bakgrunn i PBL § 28-1. Området er avsett til naustføremål (med plankrav). Det ligg i sakas natur at eit areal som skal nyttast til å bygge brygge, er i eit område som ligg nær sjø. Tilleggsarealet vil gje auka fleksibilitet til å oppføre brygge med ei riktig plassering og utforming. Ein kan ikkje sjå korleis denne endringa av eigedomen kan ha nokon relevans for om grunnen har *tilstrekkeleg sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe*. Ein føreset at ein heller tek omsyn til dette i ein konkret byggesak.

Ein er samd med Fylkesmannen i at ein bør sørge for å oppretthalde høvet til fri ferdsel i strandsona. Ein vil difor fremje i at heile det omsøkte arealet tilleggas naustarealet 40/85. Soleis vert ikkje arealføremålet endra, og høvet til fri ferdsel vert ivareteken. Ruben Bakke har per e-post frå 11.11.2016 stadfesta at ei slik løysing er i orden for han.

Frådelinga fører til ei utviding på 4 m mot aust, og argumenta for å gjere denne endringa er godt grunngjeve. Det ligg ikkje føre nokon merknadar frå naboar, og tiltaket verker å ha ein positiv effekt på naboskapet. Det er allereie gjeve dispensasjon frå plankravet i området og dette mindre tiltaket vil ikkje føre til at den bestemmelsen vert vesentleg tilsidesett. Frådelinga er i samsvar med arealføremålet, og det ligg føre ei klar overvekt av fordeler. Administrasjonen har soleis ingen vesentlege merknadar til saka og meiner det er høve til å gje dispensasjon.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet, samt deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jf. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av to tilleggsareal frå gnr. 40 bnr. 3 til bustad- og naustføremål.

Fosnavåg, 11.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Andreas Vagnildhaug

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

- ☒ Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).
☒ Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

40

Bnr.

3

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

FRADELING AV TO TILLEGGSAREALER

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

FRA KOMMUNEPLAN

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
28 JULI 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Grunngjeving:

AREALET SKAL SIKRES OM Å BYGGE BRYGGE. DETTE AREALET
GJØR AT BYGGEPROSJEKTET FOR Å FÅ TIL EN BRYGGE BLIK LATTERE.
MER AREAL TIL 40/82

- ☒ Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:
☒ Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:
☐ Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

ROD ODD IVAR GJERDE

Adresse

NAUTOYA 67

Postnr.

6076

Postadr.

TJØRVÅG

Telefon

Mobiltlf.

93286929
RUBEN BAKKE

Dato:

25/7-16

signatur

Odd Ivar Gjerd

Skriv ut

Gjenpart av nabovarsel

for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

Vedlegg nr.

C-

Kommunens saksnr.

Til :

HERØY KOMMUNE

POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

For oppført eiendom nedanfor er det i henhold til bestemmelsar i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgjande nabovarsel:

Tiltak på eiendomen:

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

Det vert varsla herved om

☐

Søknad om tiltak som krev tillatelse

etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

☐

Nybygg

☐

Anlegg

☐

Endring av fasade

☐

Riving

☐

Skilt

☒

Eigedomsdeling eller bortfeste

☐

Innhegning mot vegg

☐

Bruksendring

☐

Dispensasjonar

Anna

- beskriv

☐

Driftsbygning i landbruket pbl § 81

☐

Dispensasjonar

☐

Mindre byggearbeid

☐

Skilt

Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

FRADELING AV TOMTE PARSELLER

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader	B		☐
Situasjonsplan	D	1-2	☐
Fasadeteikningar og snitt	E		☐
Andre vedlegg	J		☐

Adresser

☐

Søknaden er lagt ut på besøksadresse:

Ansvarleg søker si postadresse:

B.Tarberg as har på vegne av Hallgeir Frøystadvåg søkt om å få etablere molo, samt utdjupe eit areal på om lag 270m² innover mot land. Det skal lagast ei avgrensing mellom land og sjø med oppmura naturstein – summen av tiltaket vil gi ei lun hamn med ca 5 båtplassar.

Tiltaket er omsøkt på eit område avsett til naustføremål i kommuneplanens arealdel og det vert sjølv sagt liggande i strandsona – det følger difor ein søknad om dispensasjon frå pbl §1-8 strandsonevernet med søknaden.

Søknad og søknadsprosessen:

Tiltaket vart først søkt om 13.07.2016. Det vart sendt til desse høyringspartane:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Kystverket
- Statens Vegvesen
- Herøy kommune

Etter at tiltakshavar hadde fått tilbakemelding frå høyringspartane valgte han å gå for å justere tiltaket.

Ny søknad vart fremma 06.10.2016 og sendt på ny høring av Herøy kommune den 14.10.2016.

Fristen for å kome med uttale til saka er no ute og saka er klar for politisk sluttbehandling vedr spørsmål om dispensasjon frå pbl §1-8. Utanom Kystverket og statens vegvesen har ein no motteke ny uttale / eller oppretthalden uttale frå dei tilskrivne høyringspartane.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 11.08.2016:

Dei rår kommune til å vurdere alternativ lokalisering og utforming av moloen. (denne uttalen er gitt med bakgrunn i første søknadsalternativ molo på 15 m)

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 09.11.2016:

Etter at tiltakshavar har justert tiltaket vil dei ikkje klage på eit vedtak om dispensasjon som omsøkt. Dei minner om viktigheita av å ivareta natur og miljøvern interesser i området, samt at mudring må skje etter særskilt løyve frå Fylkesmannen. Skal det fyllast i sjø må det først sjekkast om sjøbotnen er ureina – må nytte retteleiar M-350/2015 i dette avklaringsarbeidet. (denne uttalen er basert på ny endra søknad – molo 10m)

Uttale frå Kystverket av 11.08.2016:

Skriv i sin uttale at dei fraråder å dispensere frå planformålet som gjelder sjø i området. Molo vil gjere farvannet meir usikkert då molo (15 m) kan lede båtar mot grunna på sørsida av vågen. Ber tiltakshavar vurdere andre løysingar – deriblandt plassering av båtar meir inntrekt mot land.

(denne uttalen er gitt med bakgrunn i første søknadsalternativ molo på 15 m)

Uttale frå Statens Vegvesen av 21.07.2016:

Ingen merknad til tiltaket.

Uttale frå Herøy kommune av 19.07.2016:

Herøy kommune som lokalt hamnemynde kjem med merknadar som går på innsnevring av seglingsløpet, forureining i vågen og konflikt med sjøledning/avløp. Vil ikkje tilrå etablering av molo eller andre tiltak som vil forringe dei momenta dei påpeika.

(denne uttalen er gitt med bakgrunn i første søknadsalternativ molo på 15 m og oppretthalden etter justert forslag)

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)

Det aktuelle området som vert omfatta av omsøkt tiltak, er i gjeldande kommuneplan avsett til område AN, Naust. Område i sjø er avsett til NFFF. Tiltaket er såleis avhengig av ein dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona.

Tiltakshavar har i denne sak i første omgang søkt om ein molo på 15 m utfrå land i Frøystadvågen. Høyringspartane kom då med negative innspel. Derfor vart det tatt grep frå tiltakshavar og han justerte tiltaket meir i retning av dei signal som den først høyringa ga. Etter ny runde med uttalar kjem ei no fram til at tiltaket er kan kunne godkjennast. Tiltaket molo strekker seg no 10 m utfrå land og ein har i staden for valgt å utdjupe innover mot land i ly av moloen på 10 meter.

Som det følger av uttalene er det gitt nokre klare føringar på korleis delar av utføringa må gå føre seg. Dette går særleg på utdjupeing og evt nye fyllingar i sjø.

Det følger ei ROS-analyse utarbeidd av ansvarleg søkar til saka. Vidare er det ikkje registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko ufrosvarleg belastning og /eller nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jf naturmangfaldlova §§ 8-10.

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresgena det er søkt dispensasjon frå ikkje blir vesentleg satt til side i denne saka. § 1-8 standsonenevnet, aktiviteten i området, endrar ikkje karakter, so følgje av omsøkt tiltak.

På same tid finn ein ei klar overvekt av fordelar knytt til tiltaket. Tiltaket vil bidra til ein vesentleg betre hamnesituasjon, den er samlokalisierende og antal små, veike flytebrygger vert fjerna til fordel for ei lun hamn.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 23.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2016/973

Arkivkode
21/2

Dato
19.07.2016

HALLGEIR FRØYSTADVÅG 21/2 BYGGING AV MOLO - UTTALE

Ein har følgjande merknader til saka:

1. Seglingsløpet
Vedkomande seglingsløpet bør ikkje dette innsnevrast meir enn det som er godkjent i tidlegare løyve til utlegging av flytebrygge. Omsøkt tiltak vil slik ein ser det innsnevre breidda og minke djupna i seglingsløpet der Frøystadvågen er på sitt trangaste.
2. Forureining
Frøystadvågen, og då spesielt indre del, er forureina m.a. i form av jordbruksforureining og spillvassutslepp som ikkje er tilstrekkeleg reinsa. I samband med dette er det særskilt viktig at moglegheitene for vassutskifting ikkje vert forverra. Omsøkt tiltak vil redusere opninga og djupna inn til vågen og vil medføre sannsynlegvis redusere vassutskiftinga. Dette kan i neste omgang føre til auka botnavsetning og forureining av innde del av Frøystadvågen.
3. Kommunal avlaupsleidning
Frå slamavskiljar i Frøystadvågen har kommunen liggande leidning/sjøføring som ein evt. molo vil kome i konflikt med.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering vil ein tilrå at det ikkje vert gitt løyve til etablering av molo eller andre tiltak som innsnevrar seglingsløpet eller minskar moglegheitene for vassutskifting i indre del av Frøystadvågen.

Ein har elles ikkje særskilde merknader til saka.

Med helsing

Jon Rune Våge



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Fra: noreply.saksbehandling@vegvesen.no [mailto:noreply.saksbehandling@vegvesen.no]

Sendt: 22. juli 2016 10:23

Til: postmottak

Emne: Dokument 16/106888-4 Fv 17 - Herøy kommune - Gnr. 21 bnr. 2 - Etablering av molo i Frøystadvågen - Uttale sendt fra Statens vegvesen

Til Herøy kommune i Møre og Romsdal

Vedlagt oversendes dokument **16/106888-4 Fv 17 - Herøy kommune - Gnr. 21 bnr. 2 - Etablering av molo i Frøystadvågen - Uttale** i sak **Nabovarsel - gnr. 21 bnr. 2 - Herøy kommune** fra **Statens vegvesen**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Eventuelle henvendelser vedrørende behandlingen kan rettes til firmapost@vegvesen.no eller i vårt [kontaktskjema](#).

Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.

Til Herøy kommune i Møre og Romsdal

Vedlagt sender vi dokument **16/106888-4 Fv 17 - Herøy kommune - Gnr. 21 bnr. 2 - Etablering av molo i Frøystadvågen - Uttale** i sak **Nabovarsel - gnr. 21 bnr. 2 - Herøy kommune** fra **Statens vegvesen**. Sjå vedlegget for innhaldet i utsendinga.

Eventuelle førespurnader som gjeld behandlinga kan rettast til firmapost@vegvesen.no eller i [kontaktskjemaet](#) vårt.

Dette er ein systemgenerert e-post du ikkje kan svare på.

Attn. Herøy kommune i Møre og Romsdal

Enclosed you will find the document **16/106888-4 Fv 17 - Herøy kommune - Gnr. 21 bnr. 2 - Etablering av molo i Frøystadvågen - Uttale** from the Norwegian Public Roads Administration.

If you have queries regarding this case, please contact firmapost@vegvesen.no.

This is an automatically generated email – please do not reply.



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
	Hallvard Sæverud / 93260501	16/106888-4	2016/973	21.07.2016

Fv 17 – Herøy kommune – Gnr. 21 bnr. 2 – Etablering av molo i Frøystadvågen – Uttale

Viser til brev av 15.7.2016 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ikkje merknad til søknaden om bygging av molo i tilknytning til gnr 21 bnr 2 i Herøy.

Med helsing
Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 02030	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
506M300004M300010M300336M300341M	firmapost@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Landsdekkende regnskap
Postadresse			
Postnummer	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø



KYSTVERKET
MIDT-NORGE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
12 AUG. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Deres ref.:
2016/973

Vår ref.:
2016/4308-3

Arkiv nr.:
413.2

Saksbehandler:
Oddbjørn Sæther

Dato:
11.08.2016


Uttalelse - Dispensasjon for etablering av molo ved gnr 21 bnr 2 og 53 i indre Frøystadvågen - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til kommunens oversendingsbrev 15.07.2016 med vedlegg.

B. Tarberg søker på vegne av Hallgeir Frøystadvåg om dispensasjon for bygging av molo ut fra eksisternede kai på nordsida i indre og smaleste del av Frøystadvågen.

Topp molo skal ende 15,0m ut fra eldre kai. I tillegg 10m fyllingsutslag videre på sjøbunn i ytre ende (vist i profiltegning for moloen).

Profiltegning synliggjør oppstigende land på sørsiden og at fyllingsskråning går over djupålen. Dette er øst for det smaleste partiet i vågen. Se vår kartskisse under.



Kystverket er svært skeptisk til å tillate en ytterligere innsnevring av den smale djupålen i dette området og **fraråder å dispensere** fra planformålet som gjelder sjø i området.

Planlagt formål på landsiden tilsier ikke at sjøområdet nødvendigvis skal være skjerma havn, dersom det er hensikten med moloen. Herunder om her også skal være kaier og/eller flytebrygger i en eller annen retning i forhold til omsøkt molo. Slik sett er søknaden mangelfull i forhold til en helhetlig utnytting av området både på sjø og land.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242


Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

Dersom hensikten er å verne bebyggelse for vær/bølgepåvirkning pga betydelig strøklengde må man stille spørsmål om disse etableres på rette sted. Området har hatt sjøboder/ naustbebyggelse langt tilbake i tid (jfr orthofotos fra 1964). Flere av disse er borte, både vest og øst for omsøkt molo. Ut i fra høydekoter i kommunale kart antar vi at disse er/var plassert lavere enn nå omsøkt molo.

På sørsiden av vågen er det oppsatt navigasjonsstang på grunnpartiet som stikker ut. Da for å synliggjøre plassering av undervannsgrunna her, og å lede sjøtrafikk lenger mot nord. Undervannsgrunnen strekker seg lenger ut mot nordvest og gir derav enda trangere farvann enn det overflata gir inntrykk av. Dette i et område der den farbare dybden nord for grunnpartiet og videre innover ligger på 2 – 2,5m dybde (LAT). Fyllingsfot på sjøbunn slik vist i søknad går over djupålen og lenger sør enn det naturlige ferdselsområdet inn vågen.

Sett ut i fra farvannets beskaffenhet og rådende strøklengde vil det være mer naturlig med en molo ut over grunnpartiet på sørsiden av vågen, og havn bak denne. Omsøkt molo tiltaket vil redusere sikkerheten for ferdsel ved at båter kan ledes opp på det utstikkende grunnpartiet nordvest for navigasjonsstanga. Kystverket kan ikke se at fordelene er større enn ulempene og fraråder at det gis dispensasjon for omsøkte.

Isteden for å gjøre farvannet usikkert når vi søker til å vurdere andre løsninger, fortrinnsvis med plassering av båter inntrukket fra farvannet dersom her er permanent eller sesongbetont behov for å ha båter liggende i nærområdet til nausta. Legger ved enkel skisse for å synliggjøre dette, øst for omsøkt molo. Da ved å senke terrenget til under LAT på en mindre del av området, anlegg av en mindre betongkloss på samme sted som omsøkt molo, med kai eller flytebrygger langsgående land her og 45m² naust bakom. Se skisse under.



Med hilsen

Børre Tennfjord
fung. regiondirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og uten signaturer

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

Eksterne kopimottakere:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset
Fylkeshuset

6404
6404

MOLDE
MOLDE



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/973	21/2	«REF»	UTV / EFLÅ	14.10.2016

Hallgeir Frøystadvåg - 21/2 - Ny endra søknad om dispensasjon vedr etablering av molo i Frøystadvågen.

Planstatus:

Moloen skal etablerast i eit område avsett til AN Naust i planid 201250. Tiltaket vert liggande innanfor bygge og delforbudet i strandsona, jf pbl §1-8.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:
Etablering av molo med fylling i sjø.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 21 Bnr 2

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):
Tiltaket er skildra i ny søknad om endra dispensasjon + vedlagt situasjonsplan og ill. teikningar

Andre opplysingar om saka:

Denne saka vart også sendt på høring 15.07.2016 – etter å ha lese uttalane og dei innkomne merknadane har tiltakshavar kome til at han vel å justere tiltaket sitt omfang - saka vert difor på nytt sendt ut på høring med eit no justert forslag til molobygging.

Dette høringsbrevet er sendt til : Fylkesmannen i MR, MR fylkeskommune, Kystverket og Herøy Kommune hamnemynde

Kommunen ber om ny uttale til denne endra søknaden innan: 11.11.2016

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert



Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Eivind Flåskjer
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune v/
Utviklingsavdelinga
Postboks 179
6099 Fosnavåg

Moltustranda 05.10.2016
Vår referanse: 201644


Søknad om endring av tiltak - Dispensasjon frå PBL § 1-8 byggjeforbod i strandsona og søknad løyve til tiltak PBL § 20-1 – bygging av molo på gnr. 21 bnr. 2 i Herøy kommune

På vegne av grunneigar av gnr. 21 bnr. 2 Hallgeir Frøystadvåg, **søker vi her om endring av tidlegare dispensasjonssøknad vedk frå byggjeforbodet i strandsona – PBL § 1-8 – og søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-1 og løyve etter hamne- og farevasslova for oppføring av natursteinsmur, mudring/utgraving av område for båtar og bygging av innkorta molo som skildra i vedlagt notat og som vist på vedlagt 3D-illustrasjonar.**

Området er i kommuneplanen avsett til naustområde (AN), men tiltaket er lokalisert i strandsona og er avhengig av ein dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. Formålet med tiltaket er å skjerme båtar og flytebrygge for vind- og sjøforhold som oppstår i Frøystadvågen, spesielt ved påkjenningar frå sør vest og vestleg vindretning. Ein ny molo vil betre forholda i sjø vesentleg for oppankring av båtar og skjerme eksisterande og ny planlagde naustbygg mot sjø og bølgepåverknad. Ein molo med skjerming vil forlenge levetida for materiell og konstruksjonar, hindre skader og betre tryggleiken for dei som skal nytte området til formålet naustområde i kommuneplanen. Ny molo vil ligge på kote + 2.0 etter ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) av tiltaket.

I samband med behandling av dispensasjonssøknaden har kommunen sendt saka på høyring og det er kome inn merknader innspel frå ulike høyringsinstansar. **Med bakgrunn i dei innkomne innspela, ynskjer tiltakshavar å justere tidlegare omsøkt tiltak meir i samsvar med desse innspela.**

Slik tiltaket no er teikna inn vil ny molo bli noko innkorta til 10 m i høve tidlegare skissert løysing med molo på 15 meter frå land. Moloen er også planlagt med ei noko annleis arrondering enn tidlegare med ein knekk mot aust/søraust for å avgrense utsikk mot innseglinga. Innkorting av moloen medfører at den ikkje kjem lenger fram i sjø enn dagens plassering av godkjent utlagde flytebrygger som ligg plassert i Frøystadvågen.



Utsnitt som viser endring av tiltaket

Vidare er det tenkt ei mudring og utdyping av området innover mot land ca 270 m² og ei avgrensing mellom landsida og sjø med opplødde natursteinsmurer. Molo og mudring med oppmurt sjøfront gir rom for 5 båtplassar aust for tenkt plassert molo. Dette skaper moglegheiter for plassering av nye naust på landsida.

Ein vil i den påfølgjande delen av søknaden kom med kommentarar til innspela som er kome og skildre korleis tiltaket er justert/endra i høve dei innkomne innspela. Særskilt gjeld dette innspela frå Herøy kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Kystverket og Møre og Romsdal fylkeskommune:

1. Herøy kommune, 19.07.2016:

Endra tiltak med innkorting og større inngrep med mudring, utgraving og muring av område mot land vil medføre at dagens seglingsløp vert oppretthaldt. Når det gjeld forureining, så kan ein ikkje sjå at endra/justert tiltak vil ha noko innverknad på vassutskiftinga i Frøystadvågen. Tiltaket vil, etter det vi kjenner til, ikkje kome i konflikt med kommunal avlaupsleidning. Tiltaket slik det vist vil no vere meir i samsvar med innspel frå kommunen.

2. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 22.07.2016:

Vi viser at endra tiltak med innkorting og større inngrep med mudring, utgraving og muring av område mot land vil medføre at dagens seglingsløp vert oppretthaldt.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Når det gjeld det estetiske så vil moloen bli oppmurt med naturstein med støypt plate, og vil gli fint inn i det maritime miljøet som tiltakshavar prøver å skape i området. Dei etablerte bustadane og alle andre interessantar med tilknytning i Frøystadvågen har alle gitt sine positive tilbakemeldingar, desse var vedlagt søknaden. Når det gjeld momentet om framtidige bustadar i området, så er det same grunneigarar som eig arealet og som alt har stilt seg positive til tiltaket og ser på det som ein stor fordel at molo vil bli bygt.

I samband med planlegging og søknad om tillatelse til tiltak, har vi undersøkt tilgjengeleg databasar og kunnskap innanfor natur- og miljøinteresser. Vi kan ikkje sjå at tiltaket er i strid med tiltak etter naturmangfaldslova.

Den planlagde moloen som fylkesmannen referer til ligg på andre sida av Frøystadvågen utan vegforbindelse. Det vil koste store summar å bygge ut dei planane, med bygging av 200 meter veg, parkering etc. samt regulering av veg etc. Grunneigar som hadde planane støtter fullt ut våre planar og har signert på det i samband med denne søknaden.

Vi kan ikkje sjå at dette tiltaket vil skape noko presedens, då det ikkje tiltaka ikkje er heilt samanliknbare eller er direkte samankopla med kvarandre.

Med dei breva frå grunneigarar og andre som følgde med søknaden, meiner vi viser at dette er noko alle ser på som eit felles gode og vil gjere det mykje tryggare og betre for alle som treng å nytte det maritime miljøet i området. Vi ser på dette som eit fellesanlegg for fleire brukarar av småbåtar og naust.

Med bakgrunn i endring av tiltaket som tidlegare skissert og skildra, så meiner vi at tiltaket no er meir i samsvar med innspelet frå fylkesmannen.

3. Kystverket, 11.08.2016

Vi viser til at når det gjeld innsnevring av djupålen, så vil her fortsatt vere seglingsløp på over 20 meter til navigasjonsstang, ved justert forslag. Det er nesten like stor innsegling som til Fosnavåg.

Når det gjeld formål på landsida, er det allereie utlagde godkjente flytebrygger som moloen skal beskytte. Det er ikkje planlagt nye kaier i forhold til dette. Slik tiltaket no er teikna inn vil ny molo bli noko innkorta til 10 m i høve tidlegare skissert løysing med molo på 15 meter frå land. Moloen er også planlagt med ei noko annleis arrondering enn tidlegare med ein knekk mot aust/søraust for å avgrense utsikk mot innseglinga. Innkorting av moloen medfører at den ikkje kjem lenger fram i sjø enn dagens plassering av godkjent utlagde flytebrygger som ligg plassert i Frøystadvågen.

Vidare er det tenkt ei mudring og utdjuping av området innover mot land ca 270 m² og ei avgrensing mellom landsida og sjø med opplødde natursteinsmurer. Molo og mudring med oppmurt sjøfront gir rom for 5 båtplassar aust for tenkt plassert molo. Dette skaper moglegheiter for plassering av nye naust på landsida.

Frøystadvågen, slik vi ser det, er ikkje noko farled og det er kun lokale båtar som ferdast innom omsøkt molo. Med eit seglingsløp på opp mot 20 meter og ei navigasjonsstang frå kystverket som peikar retning så bør sikkerheita vere meir en godt nok i varetatt for den lokale trafikken som går i sjø.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Tiltaket slik det vist vil no vere meir i samsvar med innspel frå kommunen.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune. 11.08.2016:

Ein viser til kommentarane over til innspela frå fylkesmannen og kommunen. Vi meiner at det med dei endringane som det er vist til over, så vil tiltaket i større grad vere tilpassa dei innspela som er kome under høyringsrunden. Tiltaket vil henge saman med utnytting av naustområdet og slik vi ser det vil det aktuelle naustområdet i kommuneplanen vert godt i varetatt av omsøkt molo.

Avslutningsvis ynskjer ein å understreke at Frøystadvågen er ein idyllisk plass, men som også er skikkelig vêrhard med vind frå sørvest. Med ein molo som beskyttar flytebrygger og båtar vil gjere det til ein endå betre plass og bo og virke ut i frå. Slik det er i dag er det ikkje råd å ha flytebrygge og båtar liggande når haust/vinterstormane sett inn.

Bileta under viser korleis eksisterande anlegg er blitt påført skader av lokale værforhold:



Øydelagde brygge og uteliggjarar som er slitt vekk.



Slik har bryggja sett ut nesten kvar vår, enkelte gongar verre. Det var også i periode lagt ut bølgedempar utan at den gjorde særleg nytte, så det meste har vore prøvd.

Konklusjon

Slik det er vist til over ynskjer tiltakshavar å endre tiltaket slik at dette er meir i samsvar med dei innspela som er kome over. Innkortning og endra arrondering av molo til 10 m frå land, vil medføre at ein ikkje kjem lenger fram i sjø enn dagens godkjende flytebrygger. Dette er i samsvar med innspela om å sikre breidde på seglingsløpet inn/ut av Frøystadvågen. Kombinert med ei løysing der ein mudrar ut og murer opp eit areal på om lag 270 m² inn mot land, vil ein kunne skape ei lun og fin hamn som ligg skjerma av ein molo mot vær- og bølgepåkjenningar frå vest. Bruk av natursteinsmurer i hamna og moloen vil gi tiltaket ei estetisk god utforming og skape ein utsjånad som er naturleg i eit naustområde.

Ein ny molo er teikna så vil det vere god passasje for ålmenta til å kunne ferdast i strandsona. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket strid i mot friluftslivsinteresser, særskilte naturtypar, registrerte kulturminner eller andre særskilte offentlege interesser i området utover tiltakshavars egne private interesser. Ein dispensasjon, slik vi vurderer det, vil difor ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det her vert dispensert frå, og det vil vere klart større fordelar enn ulemper for bygging av ein molo i dette området.

Vi håper at Utviklingsavdelinga og Maritim og teknisk komite kan sjå positivt på dei endringane som det her vert søkt om og innvilge dispensasjon og løyve til tiltak. Vi håper på ei snarleg og positiv handsaming av søknaden.


B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com


www.btarberg.no

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg
Daglig leder
B.TARBERG AS
Mob: 46674461
E-post: aleksander@btarberg.no

Vedlegg:

1. 3D-illustrasjonar som viser endring av tiltaket 05.10.2016.



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av
eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå
kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg
for feil i kartet.




Molo som var på HØRING 15.07.16


Hallgeir Frøystadvåg - Molo gnr. 21 bnr. 2

Dato 23.06.2016	Konstr./tegnet	Godkjent AZT	Målestokk 1:500		
Situasjonsplan B. TARBERG AS				Erstatning for:	Erstattet av:
				901	
Henviisning:	Beregning:		Frøystadvågen		

NYTT FORSLAG TIL MOLO 05.10.16




Hauger Frøystadvåg Gnr. 21 bnr. 2					
M 1:250					
Dato	05.10.2016	Ansatt	Regulert	Godkjent	Skala
					1:1
Situasjonsplan molo					Erstatning for
B. TARBERG AS					Enkelhet nr.
					901
Følgende					Frøystadvågen





Molo 21/2

Hallgeir Frøystadvåg



MOLO 21/2

Hallgeir Frøystadvåg



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2016/973	Saksbeh.
14 NOV. 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune

Etablering av molo gnr21 bnr2 - Hallgeir Frøystadvåg Dispensasjon fra kommuneplan og pbl §1-8 - endra søknad

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Saka gjeld bygging av molo planlagt som steinfylling i sjø, som skal etablerast ved eit område avsett til AN Naust i kommuneplanen. Det skal også mudrast og utdjupast eit areal på om lag 270 m2 innover mot land, og lagast ei avgrensing mellom landsida og sjøen med opplødde natursteinsmurar. Molo og mudring med oppmurt sjøfront gir rom for 5 båt plassar aust for moloen.

Sjøområdet er sett av til NFFF, dvs. natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Tiltaket har vore på høyring tidlegare, men no er det endra i omfang med høve til tidlegare søknad.

Natur- og miljøverninteresser

Tiltaket er no redusert slik at moloen vil stikke 10 meter ut i Frøystadvågen, og ikkje 15 meter som sist. Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Med ei høgde på kote + 2,0 som med brystningsvern vil få ei topp høgde på kote + 2,5, og stikke 10 meter ut i den trange vågen, er det framleis eit omfattande inngrep, men likevel mindre enn det opprinnelege. Strandsona her er ikkje urøyrd, men prega av tidlegare byggetiltak. Vi vil ut frå dette ikkje klage på eit vedtak om dipensasjon som omsøkt.

Vi minner om at mudring må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Skal det fyllast ut i sjø, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar M-350/2015, «Håndtering av sedimenter» som er tilgjengeleg på www.miljodirektoratet.no.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Fra: anders.smith-ovland@mrfylke.no [<mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no>]

Sendt: 4. november 2016 12:36

Til: postmottak

Kopi: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no; firmapost-midt@vegvesen.no

Emne: Herøy kommune - etablering av molo i Frøystadvågen - gbnr 21/2 - Hallgeir Frøystadvåg - fråsegn til ny endra søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder ingen særskilte merknader, ut over tidligare fråsegn, datert 11.08.2016

Mvh

Anders Smith-Øvland

Overarkitekt/rådgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune

E-post: anders.smith-ovland@mrfylke.no

Tlf: (+47) 71 28 02 41

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: www.mrfylke.no



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2016/309
		Arkiv:	M21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/16	Maritim og teknisk komite	13.12.2016

GNR 60 BNR 3,7,24,39,379,401 - NY VASSLEDNING

Tilråding:

1.

Maritim og teknisk komite vedtek av det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen etter PBL § 19-2, og gjev løyve til å legge nye vassledningar som omsøkt.

Det vert stilt som vilkår at eksisterande dreneringssystem på dyrka mark skal takast omsyn til. Vass- og straumrør bør ligg på minimum 1,2 meter djupne der leidningane går over dyrka mark. Nye kummar bør så langt som råd ikkje leggjast slik at dei er til hinder for landbruksdrifta, det vil seie inn på dyrka mark.

2.

A.

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner utviklingsleiaren søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, datert 8.1.2016.

Utviklingsleiaren gjev løyve til legging av leidningar gnr 60 bnr 3,7,24,39,379,401 slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 8.1.2016

Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- Søknad datert 19.10.2016
- Kart datert 23.8.16
- Grunneigaravtalar

B.
Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

966 870 680 - Kjellmar Tarberg AS - SØK/PRO/UTF - Klasse 2

C.
Før tiltaket kan takast i bruk, **må** det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden **må** vere godkjent av kommunen, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10. Som vedlegg til søknad om ferdigattest / bruksløyve må det følgje:

1. Komplett og oppdatert gjennomføringsplan for heile tiltaket.
2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggjast ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jfr. SAK 10 § 8-1.
3. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for tiltaket, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Særutskrift:
Fylkesmannen i MR
Landbruksjefen
Moltustranda Vassverk SA

Vedlegg:**Vedlegg**

- 1 Utsifting av gamle vassrør på Moltu
- 2 Kart
- 3 Grunneigaravtalar.
- 4 Moltustranda Vassverk SA - Utsifting av eksisterande vassledning - høyring
- 5 Landbruksfagleg uttale til utsifting av eksisterande vassrør - Moltustranda vassverk SA
- 6 Gardskart
- 7 Forklaring
- 8 Merknader
- 9 Herøy kommune - utsifting av vassledning gbnr 60 3,7,24,39,379,401 - dispensasjon frå reguleringsplan
- 10 Utsifting av vassledning gbnr 60/3,7,24,39,379,401 - dispensasjon frå reguleringsplan

Saksopplysningar:

Planstatus for traseen er LNF område etter gjeldande arealplan. Det er ikkje søkt dispensasjon til endra formål , men løyve til å legge ny vassledning utanom eksisterande trasè. Eigedomar som er berørte er gnr 60 bnr 3,7,24,39,379,401.

Vedlagt ligger kart som viser ny trase og legginga av nye vassledningar skal sikre betre driftssikkerhet.

Det er eit ønske om å endre trase på noko av lengda av vassledningstraseen. Dagens ledning går igjennom beplanta hager til to eigedomer og ligg til dels ganske nærme fylkesvegen. Det ligg føre avtale med grunneigarar og kart som viser den gamle og ny trase for rør, ca 500 meter totalt. Søkjar viser til nylige driftsavbrudd som gjev utfordringar for lokal fiskeribedrift.

Fråsegner :

Fylkesmannen MR – Ingen merknadar

Landbruksjefen- Har ingen merknad til at tiltaket vert sett i verk. Vi vil likevel peike på at ein må ta omsyn til eksisterande dreneringssystem på dyrka mark. Vass- og straumrør bør ligg på minimum 1,2 meter djupne der ledningane går over dyrka mark. Sjå vedlagde landbrukskart med teiknforklaring. Nye kummar bør så langt som råd ikkje leggest slik at dei er til hinder for landbruksdrifta, det vil seie inn på dyrka mark.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen si vurdering er at formålet ikkje vert tilsidesatt og at det er ei overvekt av positive element ved seg då tiltaket vil medføre til ein meir stabil vassforsyning.

Ingen av høyringspartane har merknadar til tiltaket, men at nokre omsyn knytt til landbruksverksemda må sikrast ved utbygging.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 05.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Kjellmar Tarberg A.s

Graving — Sprenging — Transport
6076 MOLDTISTRANDA

UTV

Org nr: 966 870 680
Telefon: 70 08 50 43
Fax: 70 08 58 07
Mobiltlf: 90 05 39 18
Epost: ktarber@frisurf.no
Bank : NORDEA
Bankgiro: 6568.05.00546

Herøy Komune
Utviklingsavdelinga
6090 Fosnavåg

Moldtustranda 19.10.2016

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2016/309	Saksbeh.
20 OKT. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Utskifting av gamle vannrør på Moltu


Søker på vegne av Moltustranda Vassverk SA om løyve til graving
For utskifting av gamle vannrør.

Vi har ønske om å endre trase på noko av lengda etter ønske frå
huseigarar/grunneigarar då den gamle trasen går igjennom beplanta
hager til to eigedomer og ligg til dels ganske nærme Fylkesvegen.
Ligg ved avtale med grunneigarar og kart som viser den gamle og ny
trase for rør ca 500 meter totalt.

Håper på rask handsaming ettersom det har vert 2 brudd på den gamle
ledninga siste tida og fiske bedrfta Sunn Sea AS som er avhengig av
vatn har måtta til dels sendt produksjonarbeidarane heim.

Med Helsing


Kjellmar Tarberg



Kartopplysninger som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

AVTALE VEDR. NY TRASÈ – MOLTUSTRANDA.

DET ER I DAG INNGÅTT AVTALE MELLOM GRUNNEIER:

Kjartan Moltu
Moltuvegen 245
6076 MOLTUSTRANDA

vedr gnr ⁶⁰, bnr ³ i Herøy Kommune

OG MOLTUSTRANDA VASSVERK SA, 6076 MOLTUSTRANDA

AVTALA SITT FORMÅL:

Avtala har til formål å avgi løyve til å legge ny trasè for endringar av rørleidningar til Moltustranda Vassverk SA.

Moltustranda Vassverk SA får rett til å legge ny vassleidning på eigedomane.

Trasèane er avmerka på vedlagt kart.

Stad:

Moltu

Dato:

11/10-16

Kjartan Moltu

Kjartan Moltu

[Signature]

Moltustranda Vassverk SA

AVTALE VEDR. NY TRASÈ – MOLTUSTRANDA.

DET ER I DAG INNGÅTT AVTALE MELLOM GRUNNEIER:

Roger Moltu
Moltuvegen 266
6076 MOLTUSTRANDA

vedr gnr , bnr i Herøy Kommune

60 24

OG MOLTUSTRANDA VASSVERK SA , 6076 MOLTUSTRANDA

AVTALA SITT FORMÅL:


Avtala har til formål å av å gi løyve til å legge ny trasè for endringar av rørleidningar til Moltustranda Vassverk SA.

Moltustranda Vassverk SA får rett til å legge ny vassleidning på eigedomane.


Trasèane er avmerka på vedlagt kart.

Stad: _____

Dato: 29.08.16



Roger Moltu



Moltustranda Vassverk SA

AVTALE VEDR. NY TRASÈ – MOLTUSTRANDA.

DET ER I DAG INNGÅTT AVTALE MELLOM GRUNNEIER:

Kjell Moltu
Moltuvegen 276
6076 MOLTUSTRANDA

vedr gnr 60, bnr 39 i Herøy Kommune

OG MOLTUSTRANDA VASSVERK SA, 6076 MOLTUSTRANDA

AVTALA SITT FORMÅL:

Avtala har til formål å av å gi løyve til å legge ny trasè for endringar av rørleidningar til Moltustranda Vassverk SA.

Moltustranda Vassverk SA får rett til å legge ny vassleidning på eigedomane.

Trasèane er avmerka på vedlagt kart.

Stad:

11/10 - 2016

Dato:

Kjell Moltu

Kjell Moltu

Moltustranda Vassverk SA

Toril Olund

AVTALE VEDR. NY TRASÈ – MOLTUSTRANDA.

DET ER I DAG INNGÅTT AVTALE MELLOM GRUNNEIER:

Rune Jostein Moltu Ervik
Moltuvegen 284
6076 MOLTUSTRANDA

vedr gnr 60, bnr 7 i Herøy Kommune

OG MOLTUSTRANDA VASSVERK SA , 6076 MOLTUSTRANDA

AVTALA SITT FORMÅL:

Avtala har til formål å av å gi løyve til å legge ny trasè for endringar av rørleidningar til Moltustranda Vassverk SA.

Moltustranda Vassverk SA får rett til å legge ny vassleidning på eigedomane.

Trasèane er avmerka på vedlagt kart.

Stad: Moltustranda Dato: 29/8-16

Rune Ervik
Rune Jostein Moltu Ervik

Tore Hansen
Moltustranda Vassverk SA



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2016/309	M21	«REF»	UTV / JMM	28.10.2016

Moltustranda Vassverk SA - Utskifting av eksisterande vassledning - høyringSaka gjeld frådeling av bustadtomt på gnr 3 bnr 8 i Herøy kommune.

Planstatus:

LNF område etter gjeldande arealplan

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Ikkje endra formål , men løyve til å legge ny vassledning utanom eksisterande trasè

Gards- og bruksnummer:

Gnr 60 Bnr 3,7,24,39,379,401

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Legging av nye vassledningar som skal sikre betre driftssikkerhet

Andre opplysingar om saka:

Søkjar har eit ønskje om å endre trasè på noko av lengda av vassledningstraseen. Dagens leidning går igjennom beplanta hager til to eigedomer og ligg til dels ganske nærme fylkesvegen. Det ligg føre avtale med grunneigarar og kart som viser den gamle og ny trasè for rør, ca 500 meter totalt. Søkjar viser til nylige driftsavbrudd som gjev utfordringar for lokal fiskeribedrift.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Hensyn bak bestemmelse- Kommunen si vurdering er at formålet ikkje vert tilsidesatt.

Fordelar /ulemper- Det er ei overvekt av positive element ved seg då tiltaket vil medføre til ein meir stabil vassforsyning.

Endeleg vurderingar vert å kome attende til når høyringsmerknadar ligg føre.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **28.11.2016**

Vedlegg:



Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhøyrande vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Jarl Martin Møller
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2016/309

Arkivkode
M21

Dato
28.11.2016

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL UTSKIFTING AV EKSISTERANDE VASSRØR - MOLTUSTRANDA VASSVERK SA

Vi har ingen merknad til at tiltaket vert sett i verk.


Vi vil likevel peike på at ein må ta omsyn til eksisterande dreneringssystem på dyrka mark. Vass- og straumrør bør ligg på minimum 1,2 meter djupne der leidningane går over dyrka mark. Sjå vedlagde landbrukskart med teiknforklaring.

Nye kummar bør så langt som råd ikkje leggst slik at dei er til hinder for landbruksdrifta, det vil seie inn på dyrka mark.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: Gardskart utsnitt



0 20 40 60m

Målestokk 1:2000 ved A4 liggende utskrift
Gårds- og bruksnummer



Dato: 2016-11-28 10:34:13 - Side 1 av 3

Tegnforklaring arealstatistikk





Eiendomsgrenser

Beskrivelse	Fargekode
Grense	
Uregistrert jordsameie	
Uavklart eierforhold	
Tvisteteig	


Erosjonsrisiko

Beskrivelse	Fargekode
Liten erosjonsrisiko	
Middels erosjonsrisiko	
Stor erosjonsrisiko	
Svært stor erosjonsrisiko	
Ikke kartlagt	

ARS - 13 klasser

Beskrivelse	Fargekode	Symbol
Fulldyrka jord		
Overflatedyrka jord		
Innmarksbeite		
Skog, særs høg bonitet		
Skog, høg bonitet		
Skog, middels bonitet		
Skog, lav bonitet		
Uproduktiv skog		
Myr		
Jorddekt fastmark		
Skrinn fastmark		
Bebyggd, samf, vann, bre		
Ikke klassifisert		



Jordressurser

Beskrivelse	Fargekode
Ingen begrensninger	
Små begrensninger	
Moderate begrensninger	
Store begrensninger	
Ikke kartlagt	

Endring markslag (ARS)

Beskrivelse	Fargekode
Til jordbruksareal	
Fra jordbruksareal	
Endringer innen jordbruksareal	
Andre endringer	
Ingen endringer	

ARS - 7 klasser

Beskrivelse	Fargekode	Symbol
Fulldyrka jord		
Overflatedyrka jord		
Innmarksbeite		
Produktiv skog		
Bebyggd, samf, vann, bre		
Annet markslag		
Ikke klassifisert		

Helling jordbruksareal

Beskrivelse	Fargekode
Større enn 1:3	
Mellom 1:5 og 1:3	
Mindre helling, samt andre areal	

Grenser for arealressurser

På kart	
På flybilde	



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr	Saksbeh.
29 NOV. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Ura	Dok.nr.
Kasser	

Herøy kommune
Utsifting av eksisterande vassledning gnr3 bnr8
Dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/309	28.10.2016	115770/2016/DISPENSASJON/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	30.11.2016

Herøy kommune - utskifting av vassleidning gbnr 60/3,7,24,39,379,401 - dispensasjon frå reguleringsplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Området har potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne frå fleire tidsepokar. Vi ønskjer derfor å gjennomføre ei arkeologisk synfaring, eventuelt påfølgjande registrering, jamfør kulturminnelova § 9. Tiltakshavar pliktar å dekkje utgiftene til eventuelt registrering, jamfør § 10, same lov.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arve Eiken Nytnun, arkeolog, tlf. 71 28 03 25

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Anders Smith-Øvland [<mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no>]

Sendt: 30. november 2016 13:42

Til: postmottak

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Statens vegvesen Region midt

Emne: Herøy kommune - utskifting av vassleidning gbnr 60/3,7,24,39,379,401 - dispensasjon frå reguleringsplan

Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, sjå vedlegg!

Mvh

Anders Smith-Øvland

Overarkitekt/rådgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune

E-post: anders.smith-ovland@mrfylke.no

Tlf: (+47) 71 28 02 41

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: www.mrfylke.no

Delegerte saker frå avdelingane

DS 344/16 Gnr 30 Bnr 130 - Ferdigattest. 16.11.2016 00:00:00 Øyvind Alexander Bostad

DS 345/16 Ferdigattest 24/85 18.11.2016 00:00:00 Artikon as

**DS 346/16 Mellombels bruksløyve - 26/233 21.11.2016 00:00:00
Sunnmørshus as**

**DS 347/16 Ferdigattest garasjebygg 19/11 21.11.2016 00:00:00 Truls Are
Voldsund Torvik**

**DS 348/16 Frede Uldbæk - 87/15 - Brygge 21.11.2016 00:00:00 Conplan
as**

**DS 349/16 Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av nausttomt 23.11.2016 00:00:00
Sunnmøre Jordskifterett**

**DS 350/16 Ferdigattest bruksendring garasjeloft 31/42 28.11.2016
00:00:00 B&E partner as**

**DS 351/16 Gnr 36 bnr 68 Frådeling av fire bustadtomter 30.11.2016 00:00:00
Herøy kommune**

**DS 352/16 Unni og Roar Evensen - 11/51 - Støttemur 30.11.2016 00:00:00
Unni og Roar Evensen**

**DS 353/16 Barstadklær as - 37/222 - IG Tilbygg 14.11.2016 00:00:00
Conplan as**

**DS 354/16 Thor Kleppe - 86/22 - Tilbygg, uteplass, trapp og mur
21.11.2016 00:00:00 Myklegard Consult as**

**DS 355/16 Statoil Fuel & Retail Norge as - 37/258 - nye skilt 05.12.2016
00:00:00 Martin Fiskvik as**

**DS 356/16 Gnr 83 Bnr 18 og 19 -Mellombels bruksløyve. 16.11.2016
00:00:00 OSE INGENIØRKONTOR AS**

**DS 357/16 Gnr 42 bnr 1 - Frådeling av nausttomt 17.11.2016 00:00:00 Arild
Martin Jensholm m.fl.**

**DS 358/16 Havyard MMC as - 22/45 og 58 - Flettverkgjerde 23.11.2016
00:00:00 Aurvoll og Furesund as**

**DS 359/16 Gnr 4 Bnr 8 - Frådeling av eksisterande bustad 25.11.2016 00:00:00
Magne Lois Kvalsund**

**DS 360/16 Mellombels bruksløyve for 76/137 28.11.2016 00:00:00 K P
Kleppe as**

**DS 361/16 Mellombels bruksløyve - 80/30 - seksjon nr 1 og 2 30.11.2016
00:00:00 Tømrer Service as**

**DS 362/16 Gnr 44 Bnr 32 - Løyve til tiltak 05.12.2016 00:00:00 Lervik
Arkitekter AS**

**DS 363/16 Jan Tore Madsen - 4/291 - Einebustad med integrert garasje
31.10.2016 00:00:00 Byggenheim as**

**DS 364/16 Mellombels bruksløyve - 76/39 - leilegheit B 30.11.2016
00:00:00 Myklegard consult as**

**DS 365/16 Gnr 20 bnr 9 - Frådeling av eksisterande bustad 25.11.2016 00:00:00
FRØYSTAD OVE HENNING**

DS 366/16 Ferdigattest - 5/58 02.12.2016 00:00:00 Ørsta Byggservice as

**DS 367/16 Gerh. Voldnes AS - 33/5 - Flytebrygge 02.12.2016 00:00:00
GERH VOLDNES AS**